



Bibelhistoria til Kjærland er no på 7 språk

**-Dei som kjem må ikkje venta noko akademisk nivå, og eg held meg til folkeleg tale. Der seier misjonær Gunnar Kjærland som skal ha ein føredragsserie i bedehuskjellaren med start tysdag klokka 18. Serien skal avviklast over 6 tysdagar med Misjon og kultur som overskrift, Det spesielle er at føredagshaldaren er 93 år. Indremisjonen er tilskipar**

**Dei 2 fyrste kveldane vert det introduksjon med vekt på pionermisjonen. Då vil Kjærland skildra det banebytande virke til ein misjonær, ofte på ein ny stad og i ein ny situasjon, for så å skildra nomadekulturen i Etiopia slik Gunnar og kona Edith opplevde han hos Borana-nomadane**

**Edith gjekk bort for stutt tid sidan, 86 år gamal.**

-Vårt lange liv saman kjem ikkje tilbake. det nyttar ikkje å sture sjølv om savnet er der, er kommentaren til mannen, som håpar at mange vener kjem til føredraga,

-Eg er ikkje interessert i stort oppstuss, men eg vil gjerne visa kva kona og eg gjorde gjennom livet, seier pionermisjonæren. som har eit stort og banebrytande livsverk bak seg, Han var 35 år i teneste rundt i verda for Norsk Luthersk Misjonssamband og 30 av dei var i Afrika. Då han og Edith var i Boranaområdet 15 år sidan var det godt å sjå atei kyrkje var reist.

Gunnars hovudverk er Bibelen i bilder som består av 104 fargebilete der tekstane er lagt tett opp til uttrykksmåten i bibelen,

Bileta er teke i bruk i stadig fleire land og teksten er trykt på 7 språk-

Tekst foto og nett Ola Matti Mathisen